

---

**Saksnr:** 2023/99-7  
**Saksbehandlar:** Charlotte Espeland

---

---

Avdelingsdirektør etter fullmakt

## Vedtak av DKS-programmet til grunnskulen skuleåret 2023/24

Avdelingsdirektør gjer følgjande vedtak:

1. Følgjande produksjonar (Gruppe 1) vert tatt inn i Vestland fylkeskommune sitt DKS-program til grunnskulen for skuleåret 2023/24:

1.-4. steg		
Lemen – fjellets hjerte	Inger Lise Belsvik	litteratur
Ei kjedeleg bok	Vegard Markhus	litteratur
Kattesnakk	Roald Kaldestad	litteratur
Jeg vil ikke blive stur. En barnslig fortelling om Astrid Lindgren	Maja Bekken	litteratur
Bålet	Trude Tjensvold	litteratur
Eg vil ha rytme! Eg vil ha ord! Poesi og språkleik	Nynorsk kultursentrum v/ Drifa Gudmundsdottir	litteratur
Nosizwe fra her og der	Nosizwe Baqwa	litteratur
Ut i rommet	Anders Totland	litteratur
Forfatterbesøk - Rimtull og krusedull	Ingeborg Eliassen	litteratur
Søt og farlig	Mari Kjetun	litteratur
Under og undring, småskulen	Hanne Bergliot Oftedal	kulturarv
Du og jeg og vi 2 - 3 - 4	Julie Falkevik Tungevåg, Ellen Brekken og Elisabeth Mørland Nettet	musikk
Hest i huset	Christine Sandtorv, Tone Hulbækmo og Elisabeth Vannebo	musikk
Til Verda	Annlaug Børsheim Band	musikk

1.-7. steg		
Bach Goes HipHop	Ole Petter Knarvik, David Bryn og Werner Bryn	musikk
Hei Kalas	Heidi Marie Vestrheim, Annikken Theodorsen og Roy Ole Føreland	musikk
Fint er rart – Rart er fint	Camilla Susann Haug og Lars Andreas Haug	musikk
Felefest	Øystein Knaus Fosshagen, Anders Bitustøyl og Sigrid Moldestad	musikk
Spøkelsestrioen	Anna-Sofia Ulfsax, Lisa Isabel Holstad og Sindre Myrbostad	musikk
Meg og kammeraten min – Vann og venner	Marthe Vannebo, Erik Johannessen og Martin Hagfors	musikk
Los Tres Musicos	Ole Andre Farstad, Jose Alejandro Huidobro Goya og Hades Heriberto Hernandez Rodriguez	musikk
Skjerm ♥️ meg?	Ole Petter Knarvik, David Bryn og Werner Bryn	musikk
Lyriaka	Øyvind Gravdal, Øyvind Fosgaard og Jon Arne Sande Bjørnstad	musikk
5.-7. steg		
Koristens ABC	Karianne Kjærnes, Jorunn Hauge og Torbjørn Kvamme	musikk
Birget; ways to deal, ways to heal	Carte Blanche	scenekunst
Circus Absence	Absence Crew	scenekunst
Den siste dagen vi lekte	Kvadratteatret	scenekunst
Den Trøtte Mannen	Jo Strømgren Kompani	scenekunst
Dragen - en fortellerforestilling	Ine Mariel Solrød	scenekunst
En pappeske med historier	Martine Hattestad Kveli i samarbeid med Det Andre Teatret	scenekunst
Galaxy Empire	Kompani AlterEgo	scenekunst
Heime i nynorsken	Det Vestnorske Teateret	scenekunst
Under overflaten	Roskva Yasmin Andersen	scenekunst
Dans i skolen	Karin Moe Hennie	scenekunst
Et lite stykke kunst	FRYD scenekunst	visuell kunst
Reparasjonsbua	Søstra100	visuell kunst
Brettspillworkshop	Markus Moestue	visuell kunst
Mutasjoner	Siri Berqvam	visuell kunst
Karakterdesign	Barnslig	visuell kunst
Tuan-shan Tradisjonell Kinesisk	Yinlin Kong	visuell kunst

Blomstermaling Workshop		
8.-10. steg		
Hvor kommer du fra og hvor skal du?	Lisa Blom, Tomos Young og Stein Austrud <a href="https://portal.denkulturelleskolesekken.no/r/administrator/user/9544">https://portal.denkulturelleskolesekken.no/r/administrator/user/9544</a>	kulturarv
Bortebane	Medieoperatørene v/Line Hatland	film
Et Viralt Eventyr	Audun Amundsen og Audun Kvitland Røstad	film
Fedrelandet	Filmvisning med regissørbesøk Margreth Olin	film
Filmverksted med iPads for 8.-10. klasse	Sørnorsk Filmmobil ved Sørnorsk Filmsenter	film
Kakerlakkene	Adel Khan Farooq	film
Newtopia – Et 15 årig dokumentar prosjekt	Audun Amundsen / GonzoDocs AS	film
Black Hauge	Erlend Apneseth Trio & Erlend O. Nødtvedt	litteratur
Mamma – fengsel og fosterhjem	Bjørn Ingvaldsen	litteratur
Noreg i krig	Anders Totland	litteratur
Slepp meg	Kathrine Nedrejord	litteratur
Vi er alle på veg heim	Jeaninne Harrysson og Shwan Wahed	litteratur
Å skrive ei forteljing	Reidun Elise Foldøy	litteratur
Du tror du er så jævla pen	Line Baugstø	litteratur
Byen uten navn	Jan Tore Noreng	litteratur

2. Produksjonane i Gruppe 2 vert ikkje tatt inn i programmet til grunnskulen. Etersom dei er godkjende av faggruppene skal administrasjonen hente produksjonar frå denne gruppa ved behov for erstatning eller utviding av programmet.

### Samandrag

Frist for å sende inn forslag til Vestland fylkeskommune sitt DKS-program for skuleåret 2023/24 var 1. oktober 2022. Totalt 1174 produksjonar vart melde inn innan fristen. Av desse er 599 tilrådde til programmet til grunnskulen og/eller vidaregåande skule. Etter gjennomgang i faggrupper og administrativ handsaming av programmet er tilrådde produksjonar delt i to grupper: gruppe 1 – produksjonar som er innstilte til DKS-programmet til grunnskulen for skuleåret 2023/24, gruppe 2 – produksjonar som er tilrådde til grunnskulen og/eller vidaregåande skule men ikkje innstilte til programmet til grunnskulen. Produksjonane i gruppe 2 utgjer eit tilfang produksjonar til erstatning eller utviding av programmet ved behov.

**Per Morten Ekerhovd**  
avdelingsdirektør  
Kultur og folkehelse (KFO)

**Charlotte Espeland**  
seniorrådgjevar  
KFO - Kulturformidling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg  
1

Gruppe 2

## Saksutgreiing

### Innleiing

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering gav 4. juni 2020 i sak PS 95/20 *Organisering av arbeidet med Den kulturelle skulesekken* avdelingsdirektør kultur og folkehelse fullmakt til å fatte vedtak om DKS-programmet. På bakgrunn av dette vert DKS-programmet til grunnskulen for skuleåret 2023/24 lagt fram for avdelingsdirektør som fattar endeleg vedtak i saka. DKS-programmet til vidaregåande skule vært lagt fram i eiga sak.

### Prosedyrar for arbeidet med DKS

Vestland fylkeskommune set saman DKS-programmet med utgangspunkt i forslag som er melde inn via den nasjonale DKS-portalen. Nasjonale mål og føringar og Vestland fylkeskommune sine vedtekne kriterium for DKS ligg til grunn for utvalet av produksjonar i DKS-programmet.

Vedtekne prosedyrar for val av produksjonar til DKS-programmet i Vestland fylkeskommune definerer rammene for arbeidet med programmet. I tråd med prosedyrane er det berre produksjonar som er melde inn via den nasjonale DKS-portalen innan 1. oktober som vert vurderte for programmet. Faggrupper med eksterne og interne fagpersonar med kunstfagleg og skulefagleg kompetanse er med på å vurdere og tilrå produksjonar som kan inngå i programmet.

Medverknad frå målgruppa er viktig for å etablere eigarskap til ordninga og for å treffe målgruppa med innhaldet i DKS-programmet. Vestland fylkeskommune har derfor invitert Vestland ungdomsutval til å velje ut tre produksjonar til programmet, ein til ungdomssteget og to til vidaregåande skule.

Avdelingsdirektør set saman det samla DKS-programmet til grunnskulen og vidaregåande skule med utgangspunkt i mellom anna tilrådingar frå faggrupper, nasjonale føringar, vedtekne kriterium og Vestland ungdomsutval sine val.

### DKS-programmet til grunnskulen

Det vart meldt inn 1174 produksjonar til Vestland fylkeskommune sitt DKS-program for skuleåret 2023/24 via den nasjonale DKS-portalen. Totalt vart 599 av desse produksjonane tilrådde til det samla programmet til grunnskulen og vidaregåande skule.

Etter gjennomgang i faggruppene og administrativ handsaming er tilrådde produksjonar delt inn i to grupper:

Gruppe 1 – produksjonar som er innstilte til DKS-programmet til grunnskulen for skuleåret 2023/24.  
Gruppe 2 – produksjonar som er tilrådde til programmet til grunnskulen og/eller vidaregåande skule men ikkje innstilte til programmet til grunnskulen. Produksjonane i gruppe 2 utgjer eit tilfang produksjonar til erstatning eller utviding av programmet ved behov.